



RETNINGSLINJER FOR KULTURMIDLAR

1. KVEN KAN FÅ TILSKOT

1.1. Målet er:

- a) ei ålmenn opprioritering av kulturarbeidet i kommunen
- b) å stimulere utviklinga av eit variert og aktivt lokalmiljø
- c) å skape aktivitetar og tiltak i heile kommunen

1.2. Skule- og kulturutvalet, eller den dei delegerer til, gir tilskot til organisasjonar eller personar som driv eller vil starte kulturverksemd i kommunen etter desse retningslinjene og innanfor budsjetterte rammer.

1.3. Med kulturverksemd forstår ein dei aktivitetar "det utvida kulturbegrep" femner om, og som høyrer inn under:

- tradisjonelt kulturarbeid som teater, musikk o.l.
- kulturvern, lokalhistorie
- barne- og ungdomsarbeid
- idrett- og andre fritidsaktivitetar

1.4. Unnateke frå stønad er:

- lag som primært tek vare på dei yrkesmessige og økonomiske interessene til medlemmane
- politiske parti (inkl. ungdomsorganisasjonane)
- politiske aksjonar
- statlege, fylkeskommunale og kommunale institusjonar/anlegg
- organisasjonar og personar utan direkte kommunal forankring/tilknytning
- organisasjonar der ein viktig del av verksemda er å samle inn til andre føremål

2. GENERELLE REGLAR

2.1. Søknaden skal vere levert elektronisk innan fristen. Krav om informasjon skal vere utfylt i skjema for at søknaden skal bli godkjend.

2.2. Det skal leverast eit skjema for kvart føremål. Hovudlaget skal stå som søker.

2.3. Tildeling av kulturmidlar er enkeltvedtak. Det vil m.a. seie at det er klagerett på vedtak som er gjort i kommunale organ. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er kome fram til søker. Orientering om klageretten skal leggjast ved vedtaket.

2.4. Om ein organisasjon eller enkeltperson bryt føresetnaden for stønad mistar vedkomande retten til tilskot i ei periode som skule- og kulturutvalet avgjer.

Stryn kommune kan trekkje attende heilt eller delvis kommunalt tilskot dersom det i tilknytning til arrangement og aktivitet vert nytta rusmiddel.



3. TILDELING AV BLOMAR

Blomar vert gjeve til lag/organisasjonar som markerer eit 25, 50, 75 eller 100 års jubileum. Det blir dessutan delt ut blomar i samband med utdeling av kulturpris og kulturstipend. Skule- og kulturetaten/skule- og kulturutvalet vel elles i kva tilfelle det skal delast ut blomar.

4. ORDINÆRE KULTURMIDLAR - DRIFTSTILSKOT – Søknadsfrist 15.mars

- 4.1 Følgjande moment vert vurdert/lagt vekt på:
- Talet på aktive medlemmar, og alder på desse. Aktive medlemmar under 20 år vert prioritert ved tildeling.
- 4.2. Ein kan søkje om tilskot til:
- Investeringar som ein treng for å oppretthalde drifta i laget, t.d. kjøp av nye korkrakkar, fotballmål, uniformer o.l.
 - Integrering av menneske med særskilde behov.
 - Kurs og instruksjon som er med på heve kompetansen blant leiarar og medlemmar innafor sitt område.
 - Tilskot til leige/drift av lokale/anlegg. Utgifter til leige av lokale og/eller drift av lokale og anlegg vert sett under eitt. Det vert ikkje gjeve rabatt på leige i Stryn kulturhus eller andre kommunale lokale.
- 4.3. Krav som må oppfyllast for å få tilskot:
- laget må ha betalande medlemmer som er busett i Stryn kommune
 - laget må ha ein årleg kontingent på minst: kr 50,- per medlem (0-12 år)
 kr 75,- per medlem (12 år -)
 - dersom laget ønskjer å legge seg opp midlar til ei planlagd investering lyt dette kome klart fram i søknad, samt at ein prosjektkonto for tiltaket vert oppretta.
- 4.3.1. Organisasjonar som idrettsråd og musikkråd kan få stønad (max. Inntil 10% og ikkje over kr 10 000 av budsjettramme for aktivitet), så sant dei kan vise til eit visst aktivitetsnivå innan sitt område.
- 4.3.2. Lag/ organisasjonar som gir aktivitetstilbod som skule- og kulturutvalet finn særskild viktig å støtte, kan få ekstra driftstilskot.
- 4.3.3. Søknader frå grupper tilslutta same lag/organisasjon vert vurdert samla som ein søknad. Hovudstyret/samarbeidsorgan fordeler midlane til dei ulike gruppene.

5. TILSKOT TIL SÆRSKILDE KULTURTILTAK – Søknadsfrist 15.mars og 15.september

Det kan gjevast tilskot til særskilde tiltak som t.d. konsertar, kultur dagar, utstillingar, særskilde kulturkveldar, tiltak for særskilde grupper, bokutgjevingar, eller andre tiltak som vert sett på som verdfulle for det lokale kulturliv.

Det må gå tydeleg fram av søknaden at tiltaket er rekna som særskild, dvs. at det ikkje høyrer med til vanleg lagsrutine, eller at ein ikkje kjem innunder retningslinjene for driftstilskot. Innkjøp av utstyr og tilskot til investeringar sorterer under drift.



Søknaden skal fyllast ut på eige skjema og det skal leggjast ved eit budsjett som viser finansieringsplan for tiltaket.

6. TILSKOT TIL OPPSTART AV ORGANISASJONAR/AKTIVITET – Søknadsfrist 15.mars og 15.september

Ein kan ved oppstart av nye organisasjonar eller nye aktivitetar som skal drivast fast i ein etablert organisasjon, søkje om tilskot til dette. Organisasjonen må ha betalende medlemmer og ha valt eit styre.

Dette er eit tilskot ein kan søkje om ein gong. Tilskotet er avgrensa oppover til kr 5 000. Ved fastsetjing av tilskot blir det teke omsyn til alder, behov og kostnad.

7. TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG – Søknadsfrist 15.mars

Ein kan få tilskot til vedlikehald og restaurering av bygningar, grendahus og lokale som vert nytta til kulturaktivitet. Det er eit krav at verneverdige bygningar blir restaurert etter antikvariske retningslinjer.

Det vert tatt omsyn til søkjarar som treng kommunale midlar for å kome i posisjon til å løyse ut statlege tilskot til kulturbygg/lokale.

Ein må søkje om tilskot til arbeidet før dette er sett i gong. Eventuelt tilskot skal utbetalast det året tilskotet vert gjeve. Søknaden skal fyllast ut på eige skjema og det skal leggjast ved eit budsjett som viser finansieringsplan for tiltaket. Skule- og kulturetaten må innan 1. desember få melding om at arbeidet er starta opp/slutført.

8. TILSKOT TIL AKTIVITET FOR UNGDOM – Søknadsfrist 15.mars

- Aktiviteten må vere i Stryn kommune
- Aktiviteten må vere ope for alle ungdomar, primært 13-19 år
- Aktiviteten må ha ungdomsmedverknad
- Aktiviteten kan vere nystarta eller ei vidareføring av allereie etablert aktivitet

Søknaden skal fyllast ut på eige skjema og det skal leggjast ved eit budsjett som viser finansieringsplan for tiltaket.

Hovudutdelinga skjer i samband med kulturmidlar med frist 15. mars. Om det er midlar att vert dei lyst ut på nytt med frist 15. september. Stryn ungdomsråd er høyringsinstans til desse midlane.

(Retningslinjer vart oppdatert med punkt 8 i SK-006/22)

FOR Å FÅ SØKNADEN GODKJEND OG HANDSAMA SKAL ALLE OPPLYSNINGAR PÅ SKJEMA VERE FYLT UT. KULTURAVDELINGA VIL KONTAKTE SØKJARAR VED BEHOV, FOR Å FÅ TILSENDT OPPLYSNINGAR SOM HAR RELEVANS FOR SØKNADEN SI HANDSAMING.